



Kaylah(f.v.), Astrid, Kacper, Andreas, Ruth Maria og Anders i det nye drivhuset.

Det er veldig mykje kjekt som føregår på Uskedal skule for tida. Det var ikkje vanskeleg å oppdaga for underteikna då eg var nedom skulen onsdag føremiddag. Elevane kunne visa oss fleire spennande prosjekt, og blant dei var 2.klasse sitt Frå jord til bord som skal føregå framover våren og hausten.



Trym, i arbeid med prikling, og Signe Karine, Anna Simone, Leif og Katrine synes arbeidet med plantene er spennande og lærerikt. **Frå jord til bord** er vidareføring av eit prosjekt som kom i stand for nokre år sidan med Sella og Alf Hjørnevåg som gode medhjelparar. Det går kort fortalt ut på at elevane skal dyrka vekstar som dei seinare skal bruka i heimkunnskapstimane til hausten. Det er 2.klasse som har dette med god hjelp av fadrane i 6.klasse. Til hausten kan begge desse klassane ha glede av å bruka det dei har dyrkar til matlaging.

Då eg var nedom var dei 15 elevane i 2.klasse fordelt på 3 grupper. I tillegg var det 2 sjetteklassingar på kvar gruppe. Ei gruppe jobba med **Frå jord til bord** medan ei anna arbeidde med norsk med Elisabeth Amundsen som lærar og ei tredje gruppe var travelt oppteken med tiar-overgarngar i matte i grupperommet ved sida. Dei hadde Brit Hjetland som lærar. I løpet av økta rullerte dei slik at alle elevane var innom dei 3 aktivitetane.



Ei gruppe var ivrig opptatt med matte. Lærar Brit Hjetland, Håvard, Frøy, Ebba, Martine og Oskar.

Eg treffe på **Frå jord til bord**-gruppa då dei var travelt opptatt med prikling etter at dei hadde sådd ulike typar frø tidlegare. No skulle alt som var sådd flyttast ut det flunkande nye, flotte drivhuset. Det vart bygt sist helg av Magne Eik og Håvard Stensletten Eik. Materialane var sponsa av Lio sag og treforedling. Alle på skulen var glade for at dei var så heldige! Det var også tydeleg at elevane syntes dette var spennande, og no gler dei seg til å følgja med på det som skjer plantene, først i drivhuset og seinare etter dei har planta dei ut. Dei har mykje forskjellig, - jordbær, purreløk, grasløk, gulrot, kålrabi, reddik og sukkererter vart ramsa opp. Gunnbjørg S. Eik hadde full kontroll på arbeidet i denne gruppa.

Også i andre klasserom grodde det godt! Hos 3.klasse stod nokre flotte og frodige tomatplanter i vidauga. Då eg var innom var dette rommet tomt for elevlar. Klassen var til Rosendal på bading. Einaste eleven som var att, var Matas. Han hadde vore uheldig å brette beinet då han var på ski på Haukeli for nokre helgar sidan. I staden for bading var han på besøk i 2.klasse, og sat ivrig opptatt med matteoppgåver. Det såg ut som han kosa seg, han og.

Med alt det kjekke som skjer på skulen i desse dagar, vert det mykje godt skulestoff her på sida fram mot helga.



Nokre av dei flotte tomatplantene til 3.klasse.



Beinbrot gjorde at 3.klassingen Matas måtte byta ut bading med matte.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.



Flott nytt drivhus.